

Line Ulveseter
Møltemyrvegen 56
9999 VIDALEN

Namn og adresse til avsendaren.
Poststad skal du skrive med store bokstavar

22. mai 2020

Dato til høgre på same linje som postnummer og poststad

Du kan også ta med e-postadresse og mobiltelefonnummer

E-post: line.ulveseter@vidalen.no
Mobil: 99 99 99 96

Namn og adresse til mottakaren

Vortdal ungdomsskole
Stølsvegen 7
9998 VORTDAL

Ekstra linjeskift kan vere bra. Mottakeren si adresse kan du plassere slik at ho passar når du brettar arket i ein vindaugskonvolutt

Attgløymd klokke

Overskrifta skal fortelje kva brevet handlar om. Skriv ho med feit skrift. Det skal ikkje vere punktum eller andre teikn etter overskrifta

Her forklarar avsendaren hva saka gjeld. I dette tilfellet ber Line om ei teneste

Onsdag 21. mai var klassen min på idrettsdag på Vortdal ungdomsskole. Lærer Nille Zakkariassen lånte klokka mi då skolane skulle springe stafett, og eg gløymde å spørje om å få ho att. Eg sender med et bilde av klokka. Kan de sende den attgløymde klokka i posten så snart som mogleg?

Avsendaren sin signatur med penn

Med vennleg helsing

Line Ulveseter

Line Ulveseter
elev i 9. klasse

Ekstra linjeskift

Tittel med liten forbokstav

1 vedlegg

Dersom du sender med vedlegg, skriv du talet på vedlegg her. Vedlegget er i dette tilfellet eit bilde av klokka

Bruk same skrifttype og skriftstorleik i heile brevet. Her har vi nytta Calibri 11. Times New Roman 12 er eit godt alternativ. Du kan bruke standard marginstillingar og linjeavstand i tekstbehandlingsprogrammet ditt